

Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/7545-6

Høyanger - Kommuneplanen sin samfunnsdel

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet vurderer Høyanger kommuneplan sin samfunnsdel til å vere eit kortfatta, konkret og oversiktleg utkast. Mål/strategiar svarar godt på dei utfordringane som er skildra.
2. Samfunnsdelen inkluderer ikkje ein handlingsdel og det er heller ikkje tydeleggjort korleis mål og strategiar i planen skal takast vidare for å munne ut i konkrete handlingar. Det er eit krav etter plan- og bygningslova § 11.1. at samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel.

Vedlegg:

1. Framlegg til administrativ fråsegn til Høyanger kommune
2. Utkast til samfunnsdel til kommuneplanen for Høyanger kommune

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Gjeldande samfunnsdel for Høyanger vart vedteken i januar 2013. I kommunal planstrategi for Høyanger frå 2016 vart det vedteke å revidere kommuneplanen, oppstart med samfunnsdelen i 2016 og arealdelen i 2019. Planprogrammet for samfunnsdelen vart vedteke i mars 2018. Fylkeskommunen sendte skriftleg innspel til planprogrammet for samfunnsdelen.

Plandokumentet er bygd opp med ei innleiing med lovverk og ulike føringar i kap. 1. I kap. 2 omtalar utfordringar, statistikk og analyse, med utfordringar skildra skriftleg eller med illustrasjonar. Kap. 3, 4, 5 og 6 er den meir «aktive» delen med visjon, overordna mål, satsingsområde og strategiar og overordna arealstrategi.

Kap. 2 inneheld analyse og utfordringar, og er delt opp i tema slik:

- Folketalsutvikling og folketalssamansetning
- Sysselsetting og pendling
- Levekår og folkehelse
 - Helse og omsorg
 - Oppvekst
- Miljø og klima
- Kommuneøkonomi og organisasjon

Denne inndelinga finn ein i stor grad igjen i kap. 5 om satsingsområde og strategiar, og det gjer dokumentet lettfatteleg og oversiktleg.

Det overordna målet for kommunen er å auke folketalet.

3. Vurderingar og konsekvensar

Handlingsdelen.

Måla og strategiane i planen (kap. 5) er ikkje følgt opp med ein handlingsdel. Det er eit krav etter pbl § 11.1. at samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel. Ein konkret handlingsdel, med definerte oppgåver og ansvar for oppfølging, er viktig for å sikre gjennomføringa. Handlingsdelen legg føringar for prioritering av ressursar innanfor dei økonomiske rammene.

Klima og miljø

Kommunen kan jobbe for å klimaomstille heile kommunen, men har berre høve til å påverke deler av utsleppa. Difor oppmodar vi kommunen til å fokusere på dei utsleppa ein sjølv kan påverke, både direkte og indirekte.

Plan- og bygningslova skal fremje berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Dette kan vere eit paradoks, då nokre av avgjerslene som er dei beste for framtidige generasjonar kan oppfattast som mindre fordelaktige for den enkelte innbyggjar i dag. Men, som del av kommunen sitt samfunnsansvar må ein også ivareta framtidige generasjonar i planlegginga. Knytt til klimautfordringane vert dette spesielt synleg, då det er den framtidige generasjonen som vil sjå dei største konsekvensane av det vi gjer i dag.

Syssetting og etablering

Det er bra kommunen legg vekt på behovet for å realisere «det grønne skiftet» i næringsutviklinga, og at ein legg til rette for attraktive næringsareal og for gründer-/entreprenørskapsmiljø.

Det er presentert fleire satsingsområde med mål og strategiar. Strategiane er generelle, og vi saknar her ei konkretisering på tiltak: Korleis ein skal satse på dei ulike måla, korleis ein tenkjer å oppnå dette og kva type prosjekt/næringer kommunen skal løyve midlar til og støtte opp under.

Leve og oppvekstvilkår

I utkastet til samfunnsplan er levekår og livskvalitet (folkehelse) handsama på ein god måte. Sentrale moment som sosial utjamning, inkludering, trivsel og deltaking er løfta fram. Det er tydelege signal på kva tiltak kommunen vil sette i verk for å stette desse sentrale momenta.

FNs berekraftsmål handlar og om levekår og livskvalitet. Desse kan omsettast til å gjelde både på kommunalt og regionalt nivå. I samfunnsdelen ser dei fleste av desse berekraftsmåla ut til å ha blitt handsama på ein relevant måte.

Attraktive tettstader

I [Regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur](#) (2018) er attraktive sentrumsområde trekt fram som ein viktig faktor for å tiltrekke seg og halde på arbeidskraft og innbyggjarar. Det er naturleg at kommunen i samfunnsdelen drøftar utviklinga av sentrum og tettstadane i kommunen. Drøftinga i samfunnsdelen kring sentrumsområda bør bli følgt opp gjennom arealdelen, og ev. områderegeringsplanar for sentrumsområda. Sentrale tema i drøftingar om sentrums- og tettstadutvikling kan vera korleis ein legg til rette for «kvardagslivet» i sentrum. Flest moglege funksjonar lokalisert på eit avgrensa gang-/sykkelbart område kan vera ei rettesnor.

Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter (2017) skal sikre at ny handelsverksemd vert lokalisert innanfor, eller i tilknytning til, eksisterande by- og tettstadsentra, med god tilgjenge for gåande og syklande og med god kollektivdekning. I tråd med regional planføresegn skal kommunen avgrense og definere sentrumsområde/-a i kommuneplan. Her bør ein ta utgangspunkt i statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, der det er mål om å utvikle berekraftige tettstadar som legg til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremje helse, miljø og livskvalitet.

Vassforvaltning

Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion (2015) viser korleis vi ynsker å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv, og fastset miljømål for alle elvar, bekker, innsjøar og kystvatn (vassførekomst). Ein del vassførekomst i Høyanger er i risiko for å ikkje nå miljømåla, og føreslår for kommunen at dei tek med at ny arealbruk ikkje skal gjere tilstanden av vassførekomst (elvar, bekker, innsjøar, kystvatn) verre.

Samfunnsdelen sine strategiar for arealutvikling

Strategiane som er ført opp vil gje viktige føringar for vidare arbeid med revisjon av arealdelen. Vi vil likevel oppmode kommunen om å vere meir konkret på kva arealbehov kommunen har. Det vil auke samfunnsdelen sin verdi som føring for vidare arbeid med arealdelen. Føringane bør konkretisere kva nye eller endra arealbehov ein har innanfor ulike samfunnsområde, t.d. om ein basert på samfunnsdelen ser nye eller endra behov for bustadareal, areal til næring, skule, samferdsle, eller andre føremål. Vidare bør ein legge føringar for kvar innanfor kommunen ein kan lokalisere ulik type arealbruk.

4. Konklusjon

Planframlegget er konkret, kortfatta og oversiktleg, med innleiing, utfordringsbilete overordna mål og satsingsområde og strategiar. Satsingsområde og strategiar er direkte knytt til det overordna målet om folketalsauke, og planen konsentrerer seg om dei områda som er sentrale for å oppnå det overordna målet. Det betyr at dei har eit tydelege prioritering inn mot eit mål, og det er viktig for å gjere samfunnsdelen til eit konkret verktøy.

Det er eit krav etter pbl § 11.1. at samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel. Ein konkret handlingsdel, med tydeleg definerte oppgåver og ansvar for oppfølging, er viktig for å sikre gjennomføringa av samfunnsdelen.

Vi oppmodar kommunen til å vere meir konkrete på kva arealbehov dei har. Kommunen har i kap. 6. skildra overordna mål og strategiar for arealbruken. Vi oppmodar kommunen til å gå eit steg vidare og seie om ein basert på samfunnsdelen ser nye eller endra behov for bustadareal, areal til næring, skule, samferdsle eller andre føremål. Vidare bør ein legge føringar for kvar innanfor kommunen ein kan lokalisere ulike typar arealbruk.